



ÅI Venstre

# ÅI Venstre program 2007-2011



## Betre Miljø

Eit godt miljø skapar trivsel for fastbuande og tilreisande. Ei berekraftig utvikling vil vere avgjerande for livsgrunnlaget for dei som kjem etter oss. Dette er både eit kollektivt og eit personleg ansvar.

Klimautfordringane må takast på alvor også i kommunane.

Difor ynskjer Ål Venstre at konkrete tiltak skal nedfellast i ein gjennomarbeidd klimaplan.

### Venstre vil:

- arbeide for betre kjeldesortering.
- arbeide for graderte renovasjonsavgifter etter vekt
- arbeide for at Ål kommune tenkjer "grønt" ved varekjøp og investeringar.
- vere restriktiv til nedbygging av dyrka mark.
- verne urørte naturområde ved å prioritere konsentrert hytteutbygging.
- innføre marknadspris på hyttestraum.
- bruke energitiltaksfondet aktivt for å fremje energisparing og grønn energi.
- støtte utbyggjing av småkraftverk der dette ikkje er i konflikt med verneverdiar.



## Gode Oppvekstmiljø

Dei unge er den viktigaste ressursen kommunen har. Venstre ser det som avgjerande at barn og ungdom får ein god oppvekst i samspel mellom heim, barnehage og skule.

Det må leggjast til rette for at frivillige lag og organisasjonar kan samarbeide med kommunen, for å skape gode tilbod for barn og unge.

### Venstre vil

- sikre skulen nødvendige ressursar for å gje elevane tilpassa opplæring i samsvar med vedtekne læreplanar.
- prioritere kompetanseutvikling for tilsette i skulen.
- ha like satsar for foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved alle skular.
- ha opne symjehallar heile skuleåret.
- styrke finansieringa av turen med "dei kvite bussane".

- sikre trygge skulevegar i kommunen med fleire gang- og sykkelvegar.
- oppretthalde full barnehagedekning.
- legge tilrette for eit godt samarbeid mellom skulen og det lokale næringslivet.
- stimulere ungdommen si interesse for lokaldemokrati gjennom Ungdomsrådet og Barn og Unges kommunestyre (BUK).



## Allsidig Næringsliv

Det er viktig å skapa næringsmiljø eller "klynger" som er så sterke at dei dreg til seg ny etterspurt arbeidskraft.

I Ål er det rom for fleire små og store næringsmiljø.

Me har eksisterande miljø og nye primus motorar som ynskjer å utvikle bedrifta eller ideen sin.

Det er viktig at kommunen er ein positiv samarbeidspartner som bidreg til at slike klynger kan dannast. Slike aktive og livskraftige miljø vil gje store positive ringverknader.

### Venstre vil:

- forser arbeidet med nye næringstomter.
- halde fram arbeidet med utvikling av Sundre til eit kompakt og atraktivt sentrum.
- støtte etablering av næringsklynger/næringshage.
- vri bruken av næringfondet meir over på tilrettelegging og utviklingsretta prosjekt.
- støtte etablering av Hallingforsk, eit forskningsmiljø ved Hallingdal sjukestugu.
- auke standarden på kommunale vegar.
- halde fram regionalt samarbeid for betre RV7 og bygging av Ringeriksbanen.



## Kulturbygda Ål

Kultur skal ikkje berre vere avkopling, men også tilkopling som gir vekst for enkeltmennesket og fellesskapet.

Ål Venstre trur at eit variert kulturliv gir betre levekår for fleire. Vi ynskjer oss difor både nyskapande og tradisjonelle kulturuttrykk.

Ål Venstre ynskjer ei kulturbasert næringsutvikling med miljøet i kulturhuset som drivkraft.

### Venstre vil

- sikre allsidig drift av Ål kulturhus.
- samarbeide med nye eigarar slik at Ål Folkepark også i framtida blir eit trivselsområde for bygdefolk og tilreisande.
- styrke barne-og ungdomskulturen gjennom:
  - kulturskule
  - idrettslag
  - eigne kunst- og kulturprosjekt
- auke tilskota til frivillige lag og organisasjonar.
- sørge for gratis trådlaust nett i Ål sentrum.





## Gode Helse- og Sosialtilbod

Det er grunnleggjande for Venstre at alle har eit ansvar for eiga helse.

Samstundes må omsorgstenestene sikre at alle blir tatt godt vare på når behovet for hjelp melder seg.

### Venstre vil:

- oppretthalde eit høgt nivå på helse- og sosialsektoren der brukarane står i sentrum.
- arbeide for gjennomføring av planane om ein "Sansehage" ved Ål bu- og behandlingssenter.
- gi Frisklivssentralen gode arbeidkår for å styrke forebyggande helsearbeid.
- at kommunen skal vere eit føredøme for andre bedrifter i å tilrettelegge for at alle kan bidra med den arbeidsevna dei har.
- arbeide for interkommunale løysingar der dette gjev betre ressursutnytting og styrka fagmiljø.
- støtte dei frivillige organisasjonane som driv førebyggjande tiltak, særleg for barn og ungdom.

# Venstre i Ål vil

- legge til rette for eit allsidig næringsliv og sikre næringar som forvaltar naturressursane i kommunen.
- ta vare på biologisk mangfald, kulturlandskap og urørte naturområde.
- utnytte den sterke posisjonen kommunen har innan kultur og media til profilering, næringsutvikling og til trivselstiltak for innbyggjarane.
- gje ungar og ungdom ein oppvekst i Ål som gir ein god start i livet og som knyter band til heimbygda.
- styrke samspelet mellom kommunen og det private næringsliv for å skape arbeidsplassar og framtidstru i kommunen.
- søke samarbeidsløysingar med nabokommunane for betre ressursutnytting og utvikling av regionen.
- ha openheit i all kommunal forvaltning.